

* Eignedomsreglar

Fjerning av priskontroll vil gi meir leigejord, mindre mat og sementere ein **uheldig eigedomsstruktur**, ifølgje Lars Sponheim.

Sponheim ut mot å fjerne priskontroll

Regjeringa vil i dag etter planen leggje fram forslaget om å oppheve priskontrollen på landbruksseigedommar. I Venstre, som sit på vippen i Stortinget, er forslaget derimot omstridd.

Tidlegare Venstre-leiar Lars Sponheim, som var landbruksminister frå 2001 til 2005, åtrvarer sterkt mot forslaget. Sponheim er i dag Fylkesmann i Hordaland. I høyringsuttalen går det fram at frie prisar, ifølgje Sponheim, vil ha ei rekke uheldige konsekvensar. Han utdjupar synspunkta overfor Nasjonen.

– Skal vi klare auka matproduksjonen med 20 prosent på 20 år, så må mange bønder få sjansen til å bli større enn i dag. Då treng dei tilgang til meir jord. Blir priskontrollen oppheva, så fryktar eg at bøndene tapar kampen om jorda. Her på Vestlandet er det mange oljearbeidarar som gjerne vil ha eit gardsbruk med plass til hest. Dei vil kunne betale langt meir enn bønder kan, seier Sponheim.

– Blir meir leigejord

Sponheim skriv at oppheving av priskontrollen «lett kan drive prisen opp», noko han trekjer fram kan svekke sjansen for nye eigarar til å kome inn i næringa.

«Med frie prisar vil det verte enno vanskelegare for aktive

brukarar å få kjøpt tilleggsjord til drifta si eller at nye eigarar som vil drive landbruk, kan kjøpe til ein pris som drifta kan forsvare», skriv han.

Den tidlegare landbruksministeren seier fjerning av priskontrollen truleg vil gjere bønder meir avhengige av leigejord, noko som er stikk i strid med dei uttalte måla til landbruksministeren.

– Ja, leigejordprosenten vil gå opp, fordi det blir vanskelegare for bøndene å få kjøpe den jorda dei driv. Utan priskontroll er det ingen incentiv til å skilje ut og selje jord som tilleggsjord. Forsvinn det siste verkemiddelet, vil utviklinga gå feil veg, seier han.

Meir leigejord vil ifølgje Sponheim ramme produktiviteten, avlingane og investeringar.

– Meir leigejord gir dårlegare produktivitet. Bønder som eig jorda si vil lettare tørre investere, grøfte og lage betre driftsforhold. På leigd jord blir det vanskelegare, og vi veit mange bønder slitt med å få langsiktige leigeavtalor på jord, seier han.

I uttalen skriv Sponheim at oppheving av priskontrollen vil sementere ein uheldig eigedomsstruktur.

«Dersom priskontrollen vert fjerna, vil vi sannsynlegvis oppnå at den uhensiktsmessige eigedomsstrukturen i deler av landet blir sementert gjennom oppkjøp som langt overstig normal avkastning frå jord/skogbruksdrift».

– Eit steg mot støttekutt

Fjerning av priskontrollen kan på sikt treve beina under budsjettstøtta til jordbruket, ifølgje Sponheim.

– Det er eit vanleg prinsipp at når ein kjøper ei bedrift, så kjøper

Fakta

Priskontroll

* Regjeringa vil oppheve priskontrollen ved sal av landbruksseigedom. Forslaget skal etter planen leggjast fram i dag.

* Reglane er nedfritt i konsesjonsloven. Målet er å verne areaal i landbruket og sikre samfunnsinteresser.

* Ved kjøp av bebygd landbruksseigedom slår prisreguleringa først inn om eigedomen har minst 25 dekar dyrka mark eller 500 dekar produktiv skog og prisen er over 2,5 mill. kr.

ein kontantstrømmen frå drifta. Slik er det òg for ein gard. Utan priskontroll ved sal, så vil budsjettstøtta auka eigedomsprisen. Seljaren vil ta med seg effekten av landbrukspolitikken ut av næringa. Det er i strid med intensjonen til budsjettstøtta, og på sikt vil derfor fjerning av priskontrollen vere første steg mot reduksjon i budsjettstøtta, seier Sponheim.

– Utan priskontroll blir legitimiteten til tilskota skada? – Ja. Dei som vil selje får høgare pris enn dei ville fått utan støtte. Det er det motsatte av målet.

– Ingen behov for endring? – Det blir ei politisk vurdering som eg vil vere varsam med å gå inn på. I uttalen trekjer vi fram at det bør vere ei prisregulering og eit tak for kor mykje prisen kan bli bydd opp før ein griip inn. Priskontrollen er ei viktig ordning for å nå dei landbrukspolitiske måla, deriblant målet om auka matproduksjon, seier Sponheim.

BJARNE BEKKEMEIEN AASE
bjarne.aase@nasjonen.no

Veteran: Tidlegare Venstre-leiar Lars Sponheim, som var landbruksminister frå 200

LARS SPONHEIM
TIDLEGARE VENSTRE-LEIAR OG LAND-
BRUKSMINISTER.

MATPRODUKSJON

«Blir priskontrollen oppheva, så fryktar eg at bøndene tapar kampen om jorda.»



Venstre-nei til frislepp, men vil auke grensene

Verken Venstre eller KrF støttar oppheving av priskontrollen, men Venstre vil truleg oppmjuke reglane ved å heve innslagspunktet for priskontrollen.

Venstre har lenge signalisert at partiet ikkje vil gå med på fullt frislepp av prisane på landbrukseigedommar, men at partiet kan støtte ei oppmjuking. Nå tek fleire Venstre-representantar på Stortinget til orde for at partiet kan vere med på å auke innslagspunktet for prisreguleringa.

I dag må ein landbrukseigedom ha meir enn 25 mål dyrka jord eller 500 mål produktiv skog før priskontrollen kan slå inn. I tillegg vil vurderinga «om den avtalte prisen tilgodeser en samfunnsmessig forvarlig prisutvikling» berre gjelde om prisen som blir avtalt er på over 2,5 millionar kroner.

Dobling og auke til 3,5 mill.

I ein debatt om priskontrollen i kontrollkomiteen på Stortinget i går gav Abid Q. Raja (V) uttrykk for at Venstre vil doble arealgrensa og auke verdigrensa til 3,5 millionar kroner, men at Venstre vil behalde priskontrollen som ein sikkerhetsventil.

Næringspolitisk talsperson Pål Farstad i Venstre er ikkje like konkret i intervju med Nasjonen, men han gir også klart uttrykk for å løfte innslagspunktet for priskontrollen.

– Når det gjeld priskontroll har vi sagt at vi ikkje berre er opnefor, men ønskjer justeringar. At vi løftar taket for når det skal gripast inn, både når det gjeld kronenivå og areal. Samtidig er vi tydelege på at vi ønskjer at det skal vere ein priskontrollmekanisme. At det ikkje blir frislepp. Så får vi, når vi går grundig gjennom saka, sjå kva nivå vi skal leggje oss på. Bodskaopen er at vi ønskjer opp-

justeringar, men ikkje frislepp, seier Farstad.

Sponheim imot arealauke

Dei siste åra har innslagspunktet for prisreguleringa blitt auke fleire gonger. Dei raudgrøne partia auke arealgrensa til dagens nivå, medan innslagspunktet for pris blei auke frå 1,5 til 2,5 millionar kroner seinast i 2012 av dåverande landbruksminister Trygve Slagsvold Vedum (Sp).

Ein auke av areal- og prisgrensa for prisregulering er derimot heller ikkje ukontroversielt. Tidlegare Venstre-leiar og eks landbruksminister Lars Sponheim seier særleg heving av arealgrensa vil ha store konsekvensar for landbruket i Hordaland, der han er fylkesmann i dag.

– Heving av arealgrensa vil ha stor innverknad i Hordaland. Her på Vestlandet er dei klassiske bruk ofte på 40 til 50 mål dyrka jord. Om grensa for priskontroll blir heva til eksempelvis 50 mål, så vil det bli fri pris på svært mange gardsbruk, seier Sponheim.

Som eit hus

Sponheim fårår ei slik heving av arealgrensa, men auke innslagspunkt på verdi verkar han å vere meir open for.

– Ei gradvis auke av innslagspunktet på pris meiner eg er ei rett utvikling. Nå er frieløpet på 2,5 millionar kroner. Der er omtrent det eit vanleg hus kostar mange stader. Det er ingen grunn til at bustadhuset på gardane skal ha mindre verdi enn vanlege bustadhus, seier han, og viser til at det var då han var minister at botnfrådraget på den gong 750.000 kroner blei innført.



Representanter Venstre: Pål Farstad og Abid Raja.

FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN

FOTO: CORNELIUS POPPE / NTB SCANPIX

til 2005, åttarar sterkt mot forslaget om å fjerne priskontrollen.